

Digitale l remiddel i vidareg ande oppl ring - Prosjektet Nasjonal digital l ringsarena (NDLA)

Fylkesdirekt ren r r hovudutval for oppl ring til   gjere slikt vedtak:

Hovudutval for oppl ring gir sin tilslutnad til innhald, organisering og framdrift i prosjektet Nasjonal digital l ringsarena (NDLA) for perioden fr  1.3.2007 til 01.1.2009, slik det g r fram av saksutgreiinga.

Prenta vedlegg:

1. Utlysingsbrev fr  Kunnskapsdepartementet, datert 30.6.2006
2. Tilsegnsbrev fr  Kunnskapsdepartementet datert 20.4.2007, med presisering av 20.4.
3. Mandat for prosjektet Nasjonal digital l ringsarena (NDLA)

Saksframstilling

Bakgrunn:

Fylkeskommunane har fått det økonomiske ansvaret for gratis læremiddel i vidaregåande opplæring frå 2007. I følgje opptappingsplanen skal Vg2-elevane omfattast frå hausten 2007, Vg3-elevane frå 2008 og Vg1-elevane frå 2009.

Som ei oppfølging av denne satsinga lyste Kunnskapsdepartementet i brev datert 30.6.2006 ut 50 mill kroner til utvikling av digitale læremiddel for fag i vidaregåande opplæring.

Omfanget av tilgjengelege digitale læremiddel aukar stadig. Utdanning.no, Skolenettet, forlaga og andre aktørar utviklar fortløpande fag- og nettstader som er gode og nyttige for skulane. Det er likevel svært tidkrevjande for lærarar flest å finne fram, velje ut og leggje digitale læremiddel til rette for effektiv bruk i opplæringa. Det er difor eit stort behov for å gjere stoffet tilgjengeleg og knyte det opp mot kompetansemåla i læreplanane, og for å gje både elevane og lærarane ein enkel og naturleg inngang til lærestoffet.

For å utnytte midlane optimalt vart 18 fylkeskommunar i møte 20. september samde om å etablere eit felles prosjekt for å utvikle fagnettstader for alle fag i vidaregåande opplæring. I første omgang skulle arbeidet omfatte dei felles allmenne faga, men med ein klar intensjon om å utvikle tilsvarende nettstader for yrkesfaglege og studieførebuande program. Prosjektet fekk namnet Nasjonal digital læringsarena, NDLA. Det er etablert eigen nettstad for prosjektet: <http://ndla.no>.

Fellessøknaden om midlar vart send til Kunnskapsdepartementet 28. september. Fylkeskommunane fekk i brev 20.4. tilsegn om 15 mill kroner til utvikling av digitale læringsressursar i norsk og naturfag på Vg1-nivå, med krav om at desse skulle vere ferdige til skulestart 2007.

Oslo og Nord-Trøndelag fekk høvesvis 8 og 3,3 mill kroner til utvikling av digitale læringsressursar i faga matematikk, og helse- og sosialfag. Dei resterande midlane (21,7 mill kroner av 50 mill) er fordelte til faga engelsk, samfunnsfag og kroppsøving, også gjennom fellessøknaden. Desse faga skal vere klare til hausten 2008.

Det er frå Kunnskapsdepartementet si side ein føresetnad at fylkeskommunane som står bak fellessøknaden handsamar prosjektinnhald og -organisering politisk.

Saksutgreiing:

Mål for prosjektet

Prosjektet Nasjonal digital læringsarena har som mål å utvikle ein felles læringsarena som skal sikre kvalitet, breidde, tilgjenge og kontinuitet i tilbodet av digitale innhaldsløysingar i alle fag. Fagmiljø og nettverk frå heile landet vert dregne inn i arbeidet. Prosjektperioden er 1.mars 2007 til 1.januar 2009, og prosjektet er fullfinansiert gjennom midlar frå Kunnskapsdepartementet.

Organisering av prosjektet

Prosjektet er etablert med ein prosjektorganisasjon, der fem fylkesutdanningsjefar/-direktørar utgjer styret. Alle opplæringsregionane er representerte. Det er fire tilsette i

prosjektorganisasjonen; prosjektleiar og fagleiar i 100% stilling kvar, prosjektkoordinator i 30% stilling og representant for helse- og sosialfag i Nord-Trøndelag i 70% stilling.

Det er etablert tre fagredaksjonar (norsk, naturfag og helse- og sosialfag) med ansvar for utvikling av fagnettstadene. Desse har kvar sin redaktør som rapporterer til prosjektleiinga. Alle opplæringsregionane er representerte i fagredaksjonane. Vestfold har fått ansvaret for norskredaksjonen, Vest-Agder for naturfag og Nord-Trøndelag for helse- og sosialfag. Fagredaksjonane har knytta til seg ressurspersonar frå høgskular og andre fagmiljø.

Målet er at alle fylkeskommunane etter kvart skal ha ansvar for minst ein fagredaksjon. Styret tek avgjerd i spørsmål som gjeld fordeling av fagredaktøransvar, på bakgrunn av kartlegging av gode og relevante fagmiljø.

Fagredaksjonane i norsk, naturfag og helse- og sosialfag er komne godt i gang med arbeidet, og vil ha læringsressursar klare til bruk for skulane til skulestart. I løpet av hausten vil det finnast lærestoff som er knytta til alle måla i læreplanen for desse faga.

Sentralt i prosjektet er utvikling av ein "delekultur". Mange lærarar har lang tradisjon for å utvikle fagstoff på nett for eigne elevar. Gjennom NDLA er det viktig å leggje til rette for å kunne dele fagstoff med andre, på tvers av fylkesgrenser og regionar.

I første omgang må ein likevel rekne med å måtte kjøpe det meste av lærestoffet ferdig tilrettelagt av profesjonelle aktørar, som til dømes forlaga. Det er ein føresetnad frå departementet si side at minst 40% av midlane skal nyttast til kjøp av lærestoff. Prosjektleiinga er difor i forhandlingar med Den norske Forleggerforening om korleis forlaga kan vere med på å leggje fagstoffet til rette slik prosjektleiinga ønskjer det.

Tekniske løysingar

Utdanningsdirektoratet har fått ansvaret for å gjere fagstoffet tilgjengeleg for alle elevar på alle skular. Det er sett av 15 mill kr til dette, og tilsett eigen prosjektleiar.

Vidare utvikling av NDLA

Kunnskapsdepartementet har som nemnt gitt tilsegn om at ytterlegare 21,7 mill kroner kan stillast til rådvelde for utvikling av digitale læringsressursar i faga engelsk, kroppsøving og samfunnsfag.

Behovet for å utvikle læringsressursar i fleire fag er stort. Det vil vere fullt mogeleg å etablere fleire fagredaksjonar og ha fleire fag enn dei omtalte klare til 2008. Ei slik framdrift føreset at fylkeskommunane set av midlar frå løyvingane til lærebøker til NDLA for utvikling av digitale læringsressursar.

Prosjektet som juridisk eining

Kunnskapsdepartementet har i tildelingsbrevet føresett at NDLA vert tilknytta ei formell juridisk eining. Fylkesutdanningssjefane har konkludert med at den fylkeskommunen som har styreleiarvervet for NDLA skal opptre som juridisk eining på vegner av dei andre. For tida er dette Hordaland.

Konklusjon:

Utviklinga av digitale læremiddel bør vere eit felles nasjonalt ansvar. Elevane må sikrast lik tilgang til digitale læremiddel, uavhengig av kvar dei bur, og det må utviklast digitale læremiddel i alle fag, også der det er få elevar.

Slik fylkesdirektøren ser det vil dette berre vere mogeleg gjennom det samarbeidet som det no er lagt til rette for gjennom Nasjonal digital læringsarena.

Det er ikkje lovd midlar til vidare utvikling av fagnettstader ut over dei 50 mill kroner det no er gitt tilsegn om. Kunnskapsdepartementet seier likevel at det i samband med budsjettframlegget i oktober 2007 vil kome ei klargjering av dei økonomiske rammene for det vidare arbeidet med digitale læremiddel i vidaregåande opplæring.

Det vil og liggje midlar til læremiddel i statsbudsjettet dei neste tre åra, og desse kan, dersom fylkeskommunane ønskjer det, i større eller mindre grad nyttast til utvikling av digitale læremiddel for vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunane vil og bli inviterte til å delta i eit utvida samarbeid om vidare utvikling av NDLA dersom erfaringane frå prosjektperioden er gode.

Fylkesdirektøren ser ei felles nasjonal løysing for innkjøp, tilpassing og produksjon av digitale læremiddel som ein føresetnad for å lukkast med målsettinga om å gje gratis læremiddel. Prosjektet Nasjonal digital læringsarena er ei god organisering for å nå desse måla. I prosjektperioden vil alle fylkeskommunane kunne prøve ut denne måten å samarbeide på. Eit vidare samarbeid om utvikling av digitale læremiddel ut over prosjektperioden vil måtte finansierast av fylkeskommunane sjølv. I så fall må spørsmålet om organisasjonsform greiast nærare ut og vedtakast av det einskilde fylkesting.